



MØTEBOK

Revisjon av kommunalteknisk VA norm for Fitjar kommune

Utval sak	Utval	Møtedato
65/21	Utval for plan og miljø	14.09.2021
55/21	Kommunestyret	03.11.2021

Vedlegg:

- 1 VA Norm Hardanger og Sunnhordland - 3 mars 2021
- 2 B3 Retningslinjer Slokkevatn - versjon Hardanger og Sunnhordland
- 3 B8 VA Norm Hardanger Sunnhordland - Revisjonseningar 2020

Bakgrunn:

Saka gjeld revisjon av kommunalteknisk VA norm. Ein vedteken VA norm presenterer førehandsgodkjente løysingar og klargjer krav til teknisk standard på kommunale VA-anlegg. VA norma skal sørge for at tilstrekkeleg kvalitetskrav blir sett til VA-anlegga. Fitjar kommune har ein gjeldande VA norm, som vart vedteke i kommunestyret 25.11.2015. Norma treng revisjon for å vera oppdatert, då er det på tide med ny revisjon og det er komt med fleire nye kommunar.

Kommunalteknisk VA-norm er eit samarbeid i regi av VannVest AS, som er eit interkommunalt selskap, der Fitjar kommune er ein av eigarane. I denne revisjonen er VA norma for Sunnhordland og Hardanger slegen saman til ei felles VA norm. Granvin Herad gjekk inn i Voss kommune, der Voss kommune nyleg hadde revidert si norm, og er difor ikkje med i dette samarbeidet denne gangen. Grunna kommunesamanslåing i Ullensvang er Odda inne som nye i samarbeidet. Totalt er det no 11 kommunar som samarbeider: Bømlo, Eidfjord, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Samnanger, Sveio, Tysnes, Ullensvang, Ulvik og Vaksdal.

I august 2019 blei arbeidet med ny revisjon av VA norma for Hardanger og Sunnhordland, starta opp etter initiativ frå VannVest AS. Det er gjennomført arbeidsmøter undervegs i prosjektet. Teknisk sjef, Randi Karin Habbestad og VA ansvarleg, Karl Magne Engesund har deltatt i arbeidsgruppa for Fitjar kommune. Det er gjennomført 9 arbeidsmøter. Arbeidsgruppa ferdig stilte arbeidet med VA-norma 3.mars 2021.

Forankring i planar/mål:

Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) for Fitjar 2020-2040. KDP for vassforsyning 2020-2030 og KDP for avløp og vassmiljø 2020-2030.

Vurdering:

Framlegg til kommunalteknisk VA norm skal medverke til sikker vassforsyning og førebygge ureining ved å oppnå god kvalitet på dei kommunaltekniske anlegga. Dette er viktig for å oppnå dei mål Fitjar kommune har i vedteken i kommuneplan.

Kommunalteknisk VA norm omhandlar eit stor og viktig fagområde. Sikker vassforsyning til abonnentane, og trygg innsamling/reinsing av avløp utan forureining, frå abonnentane.

Mål:

- Vassforsyning er til ei kvar tid tilfredsstillande med tanke på mengde og kvalitet. Det er utarbeidd KDP for vassforsyning og avløp.
- Utslepp frå bustad og verksemder er i samsvar med gjeldande regelverk.

Reglane klargjer krav til teknisk standard på anlegga, som kommunen skal eige og overta for drift og vedlikehald, men vil så langt det er praktisk mogleg også vere grunnlag for krav til standard i kommunale utbyggingsavtalar, og ovanfor private utbyggjarar. Det vert enklare å utarbeida tilbodsdocument, då reglane ligg klare og ein ikkje treng avklare dette i kvart einskild høve. Reglane er lett tilgjengelege med ei web-basert løysing. Ein annan fordel er at fleire kommunar har tilnærma felles reglar.

Faglege vurderingar:

VA norma bygger på ein mal frå Norsk Vann og stiller tekniske krav og standardar til kommunaltekniske anlegg og installasjonar på VA-området. Den enkelte kommune har ein del tilleggskrav, eller krav som avvik frå denne malen. Desse er ført inn i VA norma som «Lokale bestemmelsar». VA norma presenterer godkjente løysingar og viser i stor grad til VA-miljøblad frå Norsk Vann for detaljutforming av anleggsdelar.

I vedlegg 8 til norma, er det summert opp kva endringar som er utført i denne revisjonen. Gjeldande VA norm/vedtak gir rådmannen fullmakt til å utføra naudsynte oppdateringar/endringar av teknisk art. Det gjeld alle punkt utanom nr 3 og 4, samt eige vedlegg vedr retningslinjer for sløkkjevatn.

- Punkt 3: VA norma vil no også gjelda private anlegg, der 2 eller fleire einingar er tilknytt.
- Punkt 4: Nytt her er at VA-plan i alle reguleringsplanar skal vera godkjent før byggesakshandsaming, og at det skal vera godkjent overordna VA-plan i alle reguleringsplanar.
- Som eit av vedlegga til norma, er nye retningslinjer for sløkkjevatn. Desse er laga for å hjelpa huseigarar og utbyggjarar, samt lette sakshandsaminga i kommunane. Retningslinjene er laga for å samordna dei mange interessene og omsyn, som til nå har vore handtert eining/sectorvis.

Folkehelse:

Er innarbeida

Klima/miljø:

VA norm for Fitjar kommune, er retningsgivande for korleis VA-anlegga skal prosjekterast og utførast. Dette vil sikra berekraftige anlegg, som vert bygd for ei levetid på 100 år. Resultatet av gode anlegg er mindre drifts- og vedlikehaldsutgifter, samt mindre utslepp til naturen frå leidningsnettet med tilhøyrande anlegg.

Økonomi og forankring i økonomiplanen:

Ingen økonomisk konsekvens.

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner Revidert VA norm med dato 03.03.21, og gjer den gjeldande frå 04.11.21. Dette erstattar VA norm i Fitjar frå 2015.
2. Kommunalteknisk VA norm gjeld for alle nye anlegg som vert bygd av kommunen, eller som vert bygd ut av private aktørar, for deretter verta overteken av kommunen i samsvar med kapittel 18 i Plan og Bygningslova.
3. Kommunalteknisk VA norm gjeld også for alle private fellesanlegg for 2 eller fleire einingar (bueining, fritidseining etc.), i samsvar med kommunen sine arealvedtekter til

kommuneplanen. For næringseiningar er kravet frå fyrste eining. Dette punktet vert fyrst gjeldande når det er vedteke som nytt punkt i arealdelen til kommuneplanen.

4. Rådmannen får fullmakt til å utføra naudsynte oppdateringar/endingar av teknisk art i VA normen.

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner Revidert VA norm med dato 03.03.21, og gjer den gjeldande frå 01.10. 21. Dette erstattar VA norm i Fitjar frå 2015.
2. Kommunalteknisk VA norm gjeld for alle nye anlegg som vert bygd av kommunen, eller som vert bygd ut av private aktørar, for deretter verta overteken av kommunen i samsvar med kapittel 18 i Plan og Bygningslova.
3. Kommunalteknisk VA norm gjeld også for alle private fellesanlegg for 2 eller fleire einingar (bueining, fritidseining etc.), i samsvar med kommunen sine arealvedtekter til kommuneplanen. For næringseiningar er kravet frå fyrste eining. Dette punktet vert fyrst gjeldande når det er vedteke som nytt punkt i arealdelen til kommuneplanen.
4. Rådmannen får fullmakt til å utføra naudsynte oppdateringar/endingar av teknisk art i VA normen.

Saksprotokoll i Utval for plan og miljø - 14.09.2021

Behandling:

Vedtak:

Samrøystes tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret godkjenner Revidert VA-norm med dato 03.03.21, og gjer den gjeldande frå 01.10.21. Dette erstattar VA norm i Fitjar frå 2015.
2. Kommunalteknisk VA norm gjeld for alle nye anlegg som vert bygd av kommunen, eller som vert bygd ut av private aktørar, for deretter verta overteken av kommunen i samsvar med kapittel 18 i Plan- og bygningslova.
3. Kommunalteknisk VA norm gjeld også for alle private fellesanlegg for 2 eller fleire einingar (bueining, fritidseining etc.) i samsvar med kommunen sine arealvetekter til kommuneplanen. For næringseiningar er kravet frå fyrste eining. Dette punktet vert fyrst gjeldande når det er vedteke som nytt punkt i arealdelen til kommuneplanen.
4. Rådmannen får fullmakt til å utføra naudsynte oppdateringar/endingar av teknisk art i VA normen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 03.11.2021

Behandling:

Framlegg til tilråding vart samrøystes vedteke, med endring av dato i pkt. 1: ...og gjer den gjeldande frå 03.11.21.

Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner Revidert VA-norm med dato 03.03.21, og gjer den gjeldande frå 03.11.21. Dette erstattar VA norm i Fitjar frå 2015.
2. Kommunalteknisk VA norm gjeld for alle nye anlegg som vert bygd av kommunen, eller som vert bygd ut av private aktørar, for deretter verta overteken av kommunen i samsvar med kapittel 18 i Plan- og bygningslova.
3. Kommunalteknisk VA norm gjeld også for alle private fellesanlegg for 2 eller fleire einingar (bueining, fritidseining etc.) i samsvar med kommunen sine arealvetekter til kommuneplanen. For næringseiningar er kravet frå fyrste eining. Dette punktet vert fyrst gjeldande når det er vedteke som nytt punkt i arealdelen til kommuneplanen.
4. Rådmannen får fullmakt til å utføra naudsynte oppdateringar/endingar av teknisk art i VA normen.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.